



Austevoll vgs 13. juni 2018

## RAPPORT SKULEFRUKOST 2017

Austevoll vgs er ein yrkesfagleg vidaregåande skule der me har fokus på dei «blå» utdanningane innan marin og maritim næring. Kvart år har me rundt 60-70 elevar som bur på hybel her i Austevoll. Me veit at det kan vera utfordrande for 16-17 åringar å klare seg sjølv, ikkje minst når det gjeld kosthald. Me vart difor veldig glad då me fekk økonomisk støtte til å prøve ut gratis skulefrukost til elevane våre frå skulestart august 2017.

### Organisering:

Skulen tilbyr elevane frukost kvar dag frå kl. 08:00 til 08:25. Det vert servert brødkiver og knekkebrød med pålegg (leverpostei, syltetøy, ost, skinke, fårepølse, kaviar, agurk, tomat og paprika) som dei smørjer/lager til sjølv. Dei kan også velje sunn kornblanding med mjølk. Eit par dagar i veka er det også kokt egg og havregraut. Dei får mjølk og appelsinjus til maten.

### Deltaking:

Av 150 elevar så er det ca. 80-90 elevar som nyttar seg av tilbodet kvar dag. Me er ein skule som fokuserer mykje på praktisk retta utdanning. Dvs at elevane er mykje utplassert i ei eller fleire av dei 70 bedriftene me samarbeider med. Dette betyr at det er minst ein klasse utplassert kvar dag og av den grunn er det ikkje alle elevane som nyttar seg av frukosttilbodet.

### Økonomi:

Skulen bruker ca. 4000-4500 kr. per veke på mat og drikke til frukosten. I tillegg så har me måtte utvide stillingsstorleiken til kantinemedarbeidarane (2 stk. Ei i 70 % stilling og ei i 50 % stilling) med 10 % til kvar av dei. Dette er ei ekstraordinær ordning som me skulle ha det første året for å finne gode rutinar. Når me frå hausten vil vidareføre ordninga med skulefrukost, må me gjere justeringar på arbeidsdagen til kantinemedarbeidarane slik at me ikkje får auka lønsutgifter grunna prosjektet.

### Erfaring:

Det er ingen tvil om at dette er eit suksesstiltak! Det at elevane får roa seg ned rundt bordet og nyte eit sundt og godt måltid saman med medelelevane sine, har løfta trivselen og miljøet på skulen. Lærarane merkar stor forskjell på elevane sin motivasjon, arbeidsinnsats og lærevilje etter at me innførte skulefrukosten. Elevane kjem til timen kl. 8.30 og er klar for lærings! Før var dei av elevane som ikkje hadde ete frukost før skulen, trøytt og lite motivert.



Kl. 09:00 ville dei ha friminutt slik at dei kunne gå å kjøpe seg mat i kantina. No er dei mett og opplagd, og lærarane høyrer ikkje mas om mat eller friminutt før timen er over kl. 10.00.

**Konklusjon:**

Frukosten gjev eit samhald på tvers av klassar og trinn og foreldra til dei elevane som bur på hybel kan vera trygg på at guten/jenta deira får seg minst 2 sunne gode måltid for dagen (gratis frukost og varm lunsj som må betalast for). Me sitt også med ei kjensle av at det at elevane veit at dei får frukost når dei kjem på skulen, gjer at dei møter opp til 1. time og vert verande på skulen til skuledagen er over. Me trur difor at denne ordninga er med på å halde fråværet til skulen på eit særslig nivå.

Me kunne ikkje vore meir nøgd med ordninga og kjem definitivt med å fortsetje å tilby elevane gratis frukost.

Med venleg helsing

Vivian Bjånesø Horgen  
Rektor  
Austevoll vidaregåande skule  
56182008/40221441  
[vivian.horgen@hfk.no](mailto:vivian.horgen@hfk.no)